



Olav Birkeland Bergsvik  
Vassbygdvegen 279  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3840 - 23/53015

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
04.07.2023

## Tilbakemelding i sak - gbnr 182/3 Gausereide

Vi viser til ditt skriv datert 19.06.2023 og gjennomført førehandskonferanse den 31.05.2023. Skrivet ditt gjeld fleire forhold som vi har prøvd å svara ut under så langt det lar seg gjera per no. Endeleg vurdering av desse forholda vil verta gjort ved behandling av søknad om tiltak og der andre aktuelle styresmakter har fått uttale seg innanfor sitt myndigheitsområde.

### Avløp

Kommunen finn at det vil kunne gjevast nytt utsleppsløyve for bustad med vassklosett på eigedomen dersom utsleppet vert reinsa i minireinseanlegg og ført ut av nedslagsfeltet til Storavatnet. Utsleppet skal heller ikkje førast inn i nedslagsfeltet til Sjausetvatnet som også har drikkevassinteresser. Endelege krav til utsleppet vil verta gitt ved behandling av søknad om utsleppsløyve.

### Oppføring av ny bustad

Det er eit generelt forbod mot oppføring av nye bustadar både i klausuleringsføresegna til Storavatnet og i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031. Forbodet er sett av omsyn til drikkevasskjelda som vil vera styrande for nye tiltak i dette området. Riving av eksisterande bustad og oppføring av ny må vurderast opp mot omsynet til drikkevasskjelda i kvar enkelt sak.

### Behov for dispensasjon frå LNF-føremålet

Slik vi skriv i referatet må det vera ei reell landbruksdrift på garden eller konkrete planar om oppstart av slik drift. Vi har ikkje noko mål for storleik på dyrehaldet eller anna aktivitet som må inngå i drifta for at kravet skal vera oppfylt. Bortleige av jorda vert ikkje rekna som aktiv drift. Oppstart av drift bør planleggast i samråd med kommunen si landbruksavdeling.

### Tilkomstveg

Stigninga på landbruksveg under etablering og krava som er sett i kommunedelplanen til tilkomstveg for bustad samsvarar ikkje. Det er krava i kommunedelplanen som gjeld for oppføring av bustad. Det må søkjast om dispensasjon frå føresegna dersom krava til stigning på veg ikkje er oppfylt.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Kvalbein Korsøen Arkitektur As  
Olav Birkeland Bergsvik

Møllendalsveien 17  
Vassbygdvegen 279

5009 BERGEN  
5912 SEIM